

Årsmelding frå kommunestyregruppa 2018

Vi har i året som har gått hatt eit godt samarbeid med Raudt og Ap om styringa av kommunen. Det har vore mange utfordringar, men samarbeidet har fungert godt.

Frå kommunestyregruppa er det rapportert fortløpande til medlemmane etter kvart kommunestyremøte. Desse rapportane er lagt ved denne årsskildringa. Dessverre har ikkje arkivrutinane vore gode nok, slik at rapportane frå januar og februar manglar.

I løpet av året har det vore nokre endringar i kommunestyregruppa. Ingrid Kielland har fått fritak som gruppeleiar og formannskapsmedlem på grunn av sjukdom. Gunhild Johansen har tatt over som formannskapsmedlem og Pål Julius er blitt gruppeleiar og tok over for Gunhild som leiar i Helse og velferdskomiteen etter at Gunhild gjekk inn i formannskapet. I same røkkinga gjekk Benjamin Notkevich inn i byutviklingskomiteen og Ingrid gjekk inn oppvekstkomiteen. Ingrid har ikkje møtt siste halvår, så eg vil benytte sjansen til å takke vara som har stilt opp i komitemøter og i kommunestyret.

Dei som har møtt som vara i ulike samanhengar i det siste året er:

- Terje Håkstad
- Åsne Høgetveit
- Ida Killie
- Reidun Heggen
- Bi Haavind

Gruppa i samarbeid med styret har invitert til fleire medlemsmøter for å diskutere kommunestyresaker for å gje medlemmane innverknad på politikken vi fører.

Det har vore mange viktige og utfordrande saker i året som har gått. Mykje har handla om økonomi – spesielt om økonomien innafor helse og omsorg. På dette området er det sett i verk ei rad store endringsprosessar i løpet av dei åra vi har styrt kommunen. Dei må no ta til å få verknad også for økonomien i året som kjem.

I år har vi og endeleg vedtatt ein ny klima-, energi- og miljøplan for kommunen. Det som skapte mest debatt var vedtaket om lukka anlegg innafor havbruk. Men planen inneheld ei heil rad med gode tiltak samt ambisiøse målsetningar.

Byutvikling er det området der vi har vore mest usamd med samarbeidspartia våre, og der vi nokre gonger har opplevd at SV-gruppa har vore splitta. Dei vanskelegaste tema har vore høgder på hus, samt å sikre nok og gode uteareal i samband med fortetting av byen.

Byvekstavtalen og bompengar har vore eit stadig tema i 2018, og blir nok og det i 2019. Frå kommunen si side er alt klart og vi ventar berre på invitasjon frå staten til å starte forhandlingar. Det er mange som pressar på for at meir av pengane i ein byvekstavtale skal gå til vegar. For SV er det ein føresetnad for å vere med på ein byvekstavtale om at fordelinga mellom veg, kollektiv og gange og sykkel ligg fast. I dag skal 45% av pakka gå til vegtiltak. Det er allereie i overkant.

På vegne av kommunestyregruppa
Pål Julius Skogholt, gruppeleiar

Vedlegg

Rapport frå kommunestyret i mars.....	3
Skolen	4
Andre saker	4
Rapport kommunestyret i april	4
Investeringar og byggeprosjekt.....	4
Skole	5
Tillitsrefomen	5
Plansakar	6
Rapport kommunestyret i mai	6
Rapport frå kommunestyret i juni.....	7
Rapport frå kommunestyremøtet i August	8
Rapport frå kommunestyret september	9
Rapport frå kommunestyremøtet oktober	10
Økonomirapport 2	11
Kommunedelplan for idrett og friluftsliv	12
Øvrige saker	12
Rapport frå kommunestyremøtet i november.....	13
Rapport kommunestyret i desember	14

Rapport frå kommunestyret i mars

Den suverent største saka i dette kommunestyret denne gongen var dei foreslåtte nedskjæringane innafor helse og omsorg. I SV jobba vi hardt med å modifisere forslaga frå administrasjonen. Vi er samde i at vi må spare pengar, men det må ikkje få konsekvensar vi ikkje kan stå for. Dette er og i tråd med dei føringane vi fekk frå medlemsmøtet om saka.

Det grunnleggjande er at Tromsø kommune ikkje kan drive like effektivt som dei kommunane vi samanliknar oss med. Hovudgrunnen til det er at vi ikkje har nok plassar til folk på sjukeheimar, omsorgsbustader osv. Det betyr at vi må drive dyre tiltak i heimane til folk fordi vi ikkje har anna tilbod. Det begrensar kor effektive vi kan vere i kommunen.

Forslaget frå SV, Raudt og Ap legg ein del viktige sperrar for administrasjonen i arbeidet med innsparingane. Vi vedtok blant anna:

Nytt innledende avsnitt etter innledende setning og før punkt 1.: *Både nedstyring og omstilling skal gjennomførers uten å svekke de rettighetene innbyggerne har gjennom pasient- og brukerrettighetsloven, helse og omsorgstjenesteloven og forvaltningsloven. Omstillingen skal styrke dialogen med den enkelte tjenestemottaker. Kommunestyret viser til uttalelse fra Kommunalt råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne, og understreker at retten til forhåndsprosedyre og klage ikke skal svekkes.*

Nytt tillegg til punkt 1b: *Dette innebærer at noen av de oppgavene tildelingskontoret har i dag, skal organiseres nærmere hver enkelt av de som mottar tjenester. I tråd med vedtak i sak 95/17, skal det utredes hvordan budsjettansvar kan samordnes med tildelingsansvar. I tråd med tillitsreformens prinsipper så skal regler og prosedyrer forenkles. Beslutninger og løpende vurderinger skal skje i tett dialog med den enkelte tjenestemottaker, herav organiseres så nært tjenestemottaker som mulig. Ingen av tildelingskontores oppgaver skal flyttes før alternativ organisering, opplæring og ansvar er på plass. Omstillingsprosess skal gjennomføres med tett involvering av de ansatte og tillitsvalgte, med Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne, eldrerådet og de andre relevante delene av kommunens tjenester.*

Forslag til nye punkter:

Nytt punkt 5.: *Den enkelte tjenestemottakers rett til å leve et godt og verdig liv skal ikke svekkes i prosessen. Sikkerhet og livskvalitet for beboerne må prioriteres. Nedstyringstiltak som vil medføre store belastninger for sårbare personer bør ikke gjennomføres.*

Nytt punkt 6: *Det skal gjøres en vurdering av videre bruk og drift av eksisterende helsebygg som fraflyttes ved oppstart av Otium bo- og velferdssenter.*

Det er viktig for oss at vi endra det som var innstillinga frå formannskapet om tildelingskontoret, og at setninga om at nedstyringstiltak som medfører store belastningar for sårbare personar ikkje bør gjennomførast. Det er og eit slags svar til dei foreldra som er redde for ungane sine om dei må flytte frå kjente bustader til seminaret. Fordi vi meinte det var dekt innafor vårt forslag stemte vi for forslaget frå MDG om å ikkje gjennomføre flyttinga frå Iver Walums veg og Berglund til seminaret fordi avlastingsbustadane på Sommerlyst skal vere klare i løpet av eit år halvanna.

Skolen

Det var sjølvsagt ikkje berre helse og omsorgssaker i kommunestyret. Det var og fleire viktige skolesaker. Den saka som skapte mest diskusjon var nok det nye grunnlagsdokumentet for skoleanlegg. Dette dokumentet var ikkje drøfta godt nok med fagforeiningane og hadde fleire manglar. Fleire tok til ordet for å utsette saka. Vi valde heller å gjere fleire endringar i dokumentet for å imøtekomme utdanningsforbundet, men vi kom nok ikkje heilt i hamn. Hovudårsaken til at vi gjorde det slik var at dokumentet er eit naudsynt grunnlag for bygging av nye skolar. Ei utsetting av saka stod i fare for å føre til utsetting av bygging av nye ungdomsskole på Kvaløysletta. Det kunne vi ikkje ta sjansen på.

Ei anna viktig sak for skolane, ungane og foreldra er noko så kjedeleg som «Lokal forskrift til barne- ungdomsskoler i Tromsø kommune». Denne endrar opptaksområda for skolane. Hovudgrunnen til dette er at vi har nok kapasitet på ungdomsskolane på Tromsøya, men at det ikkje er heilt samsvar mellom kvar skolane ligg og kvar elevane bur. Så i valget mellom å bygge ein ny skole til ein halv milliard og å vurdere å endre kretsgrensane så vel vi det siste. Det betyr at nokre ungdomskoleelevar må ta buss i framtida.

Andre saker

Det var mange saker vi ikkje rakk over i møtet. Men vi vedtok reguleringsplanen for Skjelnan som opnar for 704 nye bustader der. Det er no ei stor bustadbygging i Tromsø, og vi har vore aktive med å opne og reguere fleire områder. Vi aksepterte og oppløysninga av stiftelsen Tromsø Kunstsenter. Det betyr at kommunen tar over ansvaret for Musegata 2 og 4, altså det bygget der Tromsø kunstforeining held til. Bygget treng utbedring og renovering. Det blir utfordrande å finne pengar til det.

Eg legg ved saklista, still oss gjerne spørsmål om dei sakene eg ikkje har skrive om i denne rapporten.

Rapport kommunestyret i april

Kommunestyremøtet startet med eit viktig spørsmål frå Gunhild Johansen om lønsnivået for sjukepleiarane i kommunen kontra helseforetaka. Helseforetaka nyttar løn som virkemiddel. Det gjer ikkje kommunen. Vi betaler heller overpris for å leige inn folk frå private aktørar. I SV vil vi heller bruke desse pengane på løn til dei som jobbar i kommunen, slik at vi får rekruttert nok til å sleppe å bruke vikarbyrå.

Investeringar og byggeprosjekt

Dei største debattane i dette kommunestyret handla om økonomi og investeringar. Vi hadde ei generell sak om investeringar og lånebelastning. Der var det viktig for oss at vi ikkje sparer oss til fant gjennom å kutte viktige bygg i framtida som ungdomsskolen på Kvaløysletta og nytt bu og velferdsenter i Kroken. Det er berre gjennom å halde fram med å investere i helsebygg vi kan få kontroll med økonomien. Opposisjonen prøver å lage ei historie om at kommunen er i ferd med å



knele under gjeld. Det stemmer ikkje. Det er ingen tvil om at gjeldsbyrda vil bli utfordrande framover, men det er viktig å skille mellom ulike typar gjeld. Det blir feil å rekne Startlån som vi gjev til innbygarane for at dei skal kunne få seg eit hus å bu i er ikkje i same kategori som byggelån til Tromsøbadet.

Tromsøbadet er vel eit bevis på at salmediktaren og presten Tomas Kingo hadde rett då han skreiv «Sorgen og gleden de vandrer i hope». Det er trist at badet blir såpass mykje dyrare enn vi trudde i utgangspunktet, men det blir eit fantastisk anlegg når det er ferdig. Det reelle valet vi hadde i denne saka var om vi skal gjere badet ferdig, eller avslutte det heile halvferdig.

Skole

I alt for mange år har elevane ved Storelva skole venta på gymsal. I dag vedtok endeleg kommunestyret einstemmig å bygge normalhall/gymsal på Storelva. - *Jeg tok opp denne saka allerede i 2011 som nyvalgt kommunestyrerepresentant, det er godt å se at det nå blir realisert*, sa Ingrid Kielland i debatten.

Vi hadde og skolebehovsplanen opp til behandling. Dette er ei god skildring av stoda i skolen og kor vi manglar plass/har plass i skolane våre.

Tillitsrefomen

Dette er ei stor og viktig sak for utviklinga av kommunen. Det er svært gledeleg at også Høgre stemte for denne i kommunestyret. Her er Gunhild Johansen sitt innlegg i saka:

"Helse og velferdskomiteen var delt i denne saken. Tidligere har motstanden mot tillitsreformen vært begrunnet med at den mangler innhold og derfor er vanskelig å ta stilling til. Det er forståelig, skjønt alle utviklingsprosjekt skal jo fortrinnsvis føre til noe vi ikke ennå vet hva er. Og nå vet vi mye mer enn vi gjorde for ett år siden!

Tillitsreformen fylles nå med innhold. I fjor gjennomførte i fire avdelinger i hjemmetjenesten en pilot med kartleggingsvedtak av utskrivningsklare pasienter. Resultatene har gitt oss ny kunnskap. Blant annet fant de at vedtak gjort etter to uker der det ble organisert et mestringsteam rundt pasienten, var svært forskjellig fra vedtak fattet like etter utskrivning.

Både ACT-teamet og PSHT tas inn i tillitsreformen. De er tverrfaglig organisert med ansatte fra UNN og kommunen, de jobber ubyråkratisk, uten vedtak og med rammefinansiering. De er der for brukeren når det er behov og de oppnår gode resultater. Helsehuset er også organisert etter prinsippene i tillitsreformen. Vi er altså godt i gang!

I dag skal vi ta stilling til to nye piloter. Den ene er en oppfølging og utvidelse av det som ble gjennomført i høst. En enhet skal ta for seg alle nye innbyggere som søker om tjenester, i tillegg til utskrivningsklare pasienter. Utøvende tjeneste vil bli forsterket med fysioterapeut og ergoterapeut.

I oppfølgingstjenesten skal de ansatte i nært samarbeid med bruker og pårørende i et år forberede flytting fra foreldrehjemmet og fremme utviklingshemmedes



muligheter for å leve mer selvstendige liv. Superviktig!

I tillegg skal vi ta stilling til alternative måter å organisere vedtaksprosesser og vedtaksmyndighet på, der også konsekvenser for budsjettmodeller og økonomisk styring skal beskrives.

Det er viktig at forslagene blir politisk forankring her i kommunestyret. For de ansatte er det nødvendig å ha trygghet for at den store innsatsen de legger ned for å utvikle kommunen har politisk støtte."

Plansakar

Det var to plansakar i dette kommunestyret. Kommunestyret valde mot våre og Ap sine stemmer å ikkje legge den nye planen for Øvre Kroken ut til høyring, det betyr at den planen som vart vedtatt i 2016 framleis er gjeldande. Vi var bekymra for at det betyr at det ikkje blir bygd noko i området. Vi meiner og at den nye planen hadde ei betre løysning for lysløypa.

Kommunedelplanen for området frå Hansjordnesbukta til krysset ved Tverrforbindelsen/Erling Kjeldsens veg vart vedtatt, med unntak for området Kræmer-Essotomta-Bjørnstranda, der vi meinte at det måtte gjerast meir arbeid. Det har vore ei innvikla sak, men vi trur det vart eit godt resultat.

Du kan sjå [oversikten av alle sakene her](#). Det er berre å spørre om du lurar på noko i dei sakene eg ikkje har sagt noko om.

Mvh
Pål Julius Skogholt

Rapport kommunestyret i mai

Diskusjonen om Økonomirapport 1 var det som tok mest tid i dette kommunestyremøtet. Mesteparten av debatten handla om at opposisjonen meinte vi ikkje hadde kontroll på økonomien, medan vi peika på at vi i perioden har bygd opp eit disposisjonsfond på 240 millionar, medan alt var tomt då vi tok over. Det har vi klart samstundes med store overskridingar på helse og omsorg. Det tyder på kontroll på økonomien. Sjølv om kommunen helst skulle hatt ein enno større buffer er vi i ei betre økonomisk stilling no enn vi var i 2015.

Vi hadde berre små endringar på budsjettet. Vi foreslo og fekk gjennomslag for å auke skoleramma med to millionar og auke ramma på helsehuset med fire millionar. Vi hadde og eit forslag som auka presset på administrasjonen for å få forsert utbygginga av nye avlastingsbustader i Sommerlystvegen som erstatning for Berglund og Iver Walnumsvog.

Den andre store sak i kommunestyret handla nettopp om den midlertidige flyttinga frå Iver Walnumsvog og Berglund til Seminaret i påvente av at bustadene i Sommerlystvegen skal bli ferdige. Dette er ei vond sak, og viser at kommunen gjennom svært mange år har forsømt seg overfor desse ungane med store hjelpebehov. Det var derfor eit samrøystes kommunestyre som beklaga det som hadde skjedd. Nye bustader skulle vore ferdig for lenge sidan og brukarane og deira pårørande skulle ha vore tatt meir med på råd.



Dessverre hadde vi ikkje noko anna val enn å foreta ei midlertidig flytning til Seminaret når det viste seg at både Berglund og Iver Walnumsvog var svært brannfarlege. Denne typen institusjonar skal ha brannklasse seks, verken Berglund eller Iver Walnumsvog var i nærleiken av dette. Ved brann kunne vi fått ei verkeleg katastrofe.

Dei andre sakene i kommunestyret utløyste lite diskusjon.

Ingrid Kielland og Gunhild Johansen hadde forfall i dette møtet, så dei som representerte SV var Pål Julius Skogholt, Benjamin Notkevich, Reidun Heggen og Åsne Høgetveit.

Med venleg helsing
Pål Julius Skogholt, leiar i Tromsø SV
97077457

Rapport frå kommunestyret i juni

I det siste kommunestyremøtet før sommaren viste det seg at posisjon og opposisjon hadde ganske så ulikt syn på verkelegheita, og det i ei sak der tala er veldig tydelege – årsrekneskapen i Tromsø kommune.

I følgje opposisjonen er vi på veg rett til helvete, og slettes ikkje på første klasse. Tala fortel imidlertid ei anna historie. Vi hadde eit rekneskapsteknisk overskott på nesten 20 millionar i 2017, og eit overskot på drifta på 67 millionar. Det kjem i tillegg til at vi allereie i budsjettet sette av 179 millionar til disposisjonsfondet. Det betyr at det reelle overskottet i 2017 var på 200 millionar. Vi har altså bygd opp dei fonda som stod i null då vi overtok styringa med kommunen. Det gjev oss ryggrad til å ta store og naudsynte investeringar framover.

Like viktig er at vi er i ferd med å få kontroll med utgiftsveksten innafor helse og omsorg. Vi bruker framleis for mykje pengar, men utgiftsveksten er no mindre enn lønns og prisvekst i denne sektoren. Det betyr at vi er på rett veg. Tiltaka vi gjennomfører fungerer, og vi har stor tru på at dette vil halde fram med å utvikle seg i rett retning.

Det betyr at vi i dette kommunestyret kunne innføre døgnkontinuerleg barnevernsvakt og kunne gje tydeleg beskjed om at skolehelsetenesta skal bli betre. Vi kunne og vedta ei brannordning for Tromsø kommune som vil gje oss betre beredskap ved brann og ulykker.

Den nye planen for barselomsorg og svangerskapskontroll vil styrke denne tenesta. Der har vi framleis utfordringar med kommunikasjonen mellom UNN og den kommunale tenesta. Men det får vi tru lar seg løyse. I dag går det på papir, noko som fører til at kommunen kjem for seint inn.

Vi vedtok den nye reguleringsplanen for eit hyttefelt på Hillesøya, etter at utviklingslaget endra meining om prosjektet. Og den nye hallen på Bjerkaker fekk garanti og støtte og kan no byggast. Og med alt dette var faktisk kommunestyremøtet ferdig før tida! Kryss i taket.

Dei som representerte SV på dette møtet var Pål Julius Skogholt, Gunhild Johansen, Benjamin

Notkevich og Terje Håkstad.

God sommar!
Pål Julius Skogholt

Rapport frå kommunestyremøtet i August

Takk for eit godt medlemsmøte om kommunebudsjettet på tysdag. Vi følgjer opp fleire av innspela som kom der. Den 25. september blir det folkemøte med Audun Lysbakken på Rådstua klokka 18. Fokus blir på forskjells-Norge og ulikheit. Sett av kvelden!

I går var det kommunestyremøte i Tromsø. Det er ikkje så veldig mykje spennande å rapportere. Men ei skikkeleg gladsak var det. Vi vedtok å innføre oslomodellen i Tromsø. Den vil auke kravet til lærlingar og fagarbeidarar i kommunale byggeprosjekt og det er ein viktig reiskap i kampen mot sosial dumping og svart arbeid blant anna gjennom at vi reduserer antalet underentreprenørar det kan vere. Du kan lese meir om modellen her: <https://fagbladet.no/nyheter/-oslo-skal-ga-i-bresjen-for-et-seriost-og-anstendig-arbeidsliv-6.91.467152.0d49316c91>

Vi har no oppretta eit kunstfond i Tromsø. Nokre hevdar at dette er ein frivolitet vi ikkje har råd til, til det er det minst to ting å seie. 1. Sjølv sagt skal vi utsmykke kommunale bygg. Korleis hadde sjukeheimane og skolane våre sett ut med berre grå eller kvite veggar utan nokon form for utsmykking? 2. Dette gjer vi allereie i kvart einskild prosjekt. Dette er eit forsøk på systematisering og meir effektiv bruk av pengane. Høgresida foreslo å redusere pengebruken frå det foreslåtte ein prosent av prosjektert byggesum til 0,3 til 0,5%. Det ville vore ei kraftig svekking av Tromsø kommune si satsing på kunst og utsmykking.

Tromsø kommune har fått eit brev frå unionen av kommunar på Gazastripa som har oppmoda om støtte i ei vanskeleg tid. Vi foreslo, og kommunestyret vedtok derfor denne uttalen retta til den norske regjeringa:

TERRORHANDLINGENE MOT GAZA MÅ STOPPES

Unionen av kommuner på Gazastripen har sendt en appell til det internasjonale samfunnet gjennom FN, Det Internasjonale Røde Kors, sine vennskapsbyer og samarbeidende organisasjoner i hele verden. De beskriver hvordan situasjonen for sivilbefolkningen på Gazastripen, som i utgangspunktet var svært vanskelig etter mange års okkupasjon, i lys av de siste aggressive handlinger fra Israels side har eskalert til å bli prekær.

Som vennskapsby med Gaza kommune er Tromsø dypt bekymret for situasjonen på Gazastripen. Vi tar anmodningen fra kommunene på Gazastripen til følge og ber den norske regjeringen om å gjøre sitt ytterste for å presse staten Israel til umiddelbart å stoppe de aggressive terrorhandlingene på Gazastripen som rammer ubevæpnede, uskyldige innbyggere. Ødeleggelsene av kommunale bygninger, vannforsyningsanlegg og annen infrastruktur må opphøre. Blokaden som hindrer forsyninger av alt av varer, mat, medisiner, drivstoff, elforsyning og gass forårsaker sult og død og må oppheves straks. I løpet av de neste to årene vil hele befolkningen på 1.5 millioner mennesker uten fluktmuligheter ifølge FN stå i fare for å dø av sult og sykdom.

Vi støtter Unionen av kommuner på Gazastripen som mener at den eneste løsningen på den kritiske



situasjonen er at den israelske aggresjonen stopper umiddelbart, at blokaden oppheves fullstendig og at det åpnes opp for fri ferdsel av folk og varer. Beleiringen av Gazas befolkning er i strid med folkeretten og kan ikke forsvares. Norge, som del av det internasjonale samfunnet må reagere skarpt på den humanitære katastrofen som nå eskalerer.

Den andre tilleggssaka var at Frp, Høgre, Krf og Venstre foreslo innføring av parlamentarisme i Tromsø i neste periode. Reglane er slik at det må foreslåast og stemmast over i denne perioden, men det er det neste kommunestyret som avgjer. Det vi veit er at parlamentarismen kostar 10-12 millionar meir enn dagens styringssystem og i forrige periode reagerte SV sterkt på det vi opplevde som eit lukka og udemokratisk system. Sjølv om det ikkje har noko betydning er eg glad for at det var fleirtal i kommunestyret mot innføring av parlamentarisme.

Har du spørsmål til nokre av dei andre sakene er det berre å spørje.

Med venleg helsing
Pål Julius Skogholt
97077457

Rapport frå kommunestyret september

Budsjettet for Tromsø kommune for 2019 var den dominerande saka i dette kommunestyret. Det var ein ganske tøff og hard debatt. Oppspelet til debatten var meldinga om overforbruket på 230 millionar innafor helse og omsorg som kom på tysdag. Det er svært mykje pengar, og det er openbart at det at vi bruker så mykje meir pengar på dette området enn det vi hadde planlagt får konsekvensar for kva vi kan gjere på andre område. Det er likevel to viktige moment å ha med seg.

Det første poenget, og kanskje det aller viktigaste er at Tromsø gjev gode helsetenester. Folk får i all hovudsak den hjelpa dei treng, og det kan ikkje vere slik at vi nektar folk naudsynt helsehjelp fordi budsjettet er brukt oppå. Det andre viktige poenget at heile sektoren er inne i ei stor omstilling. Denne omstillinga kostar. Kor mykje av overforbruket som er knytt til omstillinga veit vi ikkje enno, men administrasjonssjefen peiker på dette som ein årsak i sitt notat. I tillegg er det slik at Tromsø kommune manglar viktige helsebygg for å kunne tilby effektiv og god helsehjelp. Det at vi ikkje nok tilpassa bustader gjer at det blir unødvendig dyrt og vanskeleg å tilby gode helsetenester. Derfor skal vi og bruke 191 millionar på å bygge bustader av ulik type til neste år.

Det innbefattar mellom anna:

- Fergevegen bufellesskap
- Omsorgsbustader rus
- Omsorgsbustader psykiatri
- Bustader til sosiale formål
- Bufellesskap utviklingshemma

I budsjettet vårt har vi etter beste evne prøvd å sørge for at overforbruket på helse og omsorg ikkje skal gå ut over skolane og barnehagane. Derfor har vi reversert dei aller fleste kuttane som administrasjonssjefen foreslo. Du kan lese heile budsjettframlegget her. Det vart vedtatt med nokre mindre endringar.

Opposisjonen var så misfornøyd at dei leverte inn ein lovlegghetsklage på budsjettet. Vi meiner at klagen ikkje har noko for seg, men det blir det fylkesmannen som skal avgjere.

Det var to andre saker interessante saker i kommunestyret. Vi vedtok ein ny kommunedelplan for Sommarøya/Brensholmen. Den har det vore mykje diskusjon om, og mange innspel til arbeidet med.



Vi har prøvd å finne balansen mellom å legge grunnlaget for næringsutvikling og bustadbygging på den eine sida og viktige verneinteresser på den andre sida. Det måtte vi gjere samtidig som vi forsøkte unngå statlege innsigelsar. Det meiner vi å ha klart. Fleire område er opna for bustadbygging og nokre ab hensynssonene som sette grenser for utviklinga av området er redusert eller fjerna.

Den andre saka eg vil nemne er ei sak om kva basseng vi skal ha i Tromsø etter at Tromsøbadet opnar. Det har vore mest diskusjon Alfheim, men debatten i går handla og om bassenga på Stakkevollan, Tromsdalen, Mortensnes og Kvaløysletta. Alfheim er enno ikkje avgjort. Stakkevollan blir stengt 31.12.19, medan bydelbassenga stenger når skolen er slutt til våren. Dessverre er økonomien slik at det er vanskeleg å sjå at vi hadde noko alternativ til dette. Stakkevollan blir bygd om til idrettshall. Dei som representerte SV i dette kommunestyret var Pål Julius Skogholt, Gunhild Johansen, Terje Håkstad og Reidun heggen.

Med venleg helsing
Pål Julius Skogholt, gruppeleiar

Rapport frå kommunestyremøtet oktober

Saka om skolekretsgrensane var den dominerande på dette kommunestyremøtet. Det var ikkje unaturleg, fordi den får store konsekvensar for barn og foreldre i Tromsø. Fleirtalet i SV-gruppa stemte for innstillinga om å dele Gyllenborg og Prestvannet barneskolekretsar mellom Grønnåsen og Sommerlyst.

Utgangspunktet for saka er at Sommerlyst skole er for liten, og kapasiteten er sprengt samstundes som vi har godt med plassar på Grønnåsen og Langnes. Forslaget var å løyse dette gjennom at nokre av dei elevane som tradisjonelt har sokna til Sommerlyst må gå på Grønnåsen.

Det var fleire openbare vanskar med dette forslaget:

1. Det vil framleis vere slik at mange av elevane bur svært mykje nærmare Sommerlyst enn Grønnåsen
2. Det at skolane blir delt, betyr og at sosiale nettverk blir delt. Elevar kan oppleve at dei skal starte på ein ungdomsskole, medan alle eller dei fleste av venene skal starte på ein annan ungdomsskole.
3. Prestvannet skole har spesialavdelinga Hagen, ei avdeling for multifunksjonshemma ungar. Alle som går på Hagen skal til Sommerlyst ungdomsskole, men det at mange av dei dei har gått på skole saman med gjennom heile barneskolen skal til Grønnåsen gjer at desse ungane som er spesielt sårbare vil kunne miste ein del av sitt sosiale nettverk.
4. På Prestvannet er det ein eigen samiskklasse, og ei satsing på dei som har samisk 2 og 3. Elevane spesielt på samisk 2 og 3, er bekymra for å miste eit samisk språkmiljø om dei ikkje kjem til Sommerlyst, og at dei vil måtte velje mellom samiskundervisning og venene sine.
5. Mange får lengre skoleveg, og delar av denne skolevegen er ikkje spesielt god. Det vil kunne føre til at fleire blir køyrt til skolen og at trafikken vil auke.

Kva er så løysninga? Den litt langsiktige løysninga er at kommunen får overta Mellomvegen 110, den gamle lærarskolen og opprettar ungdomsskole, evt. 1-10 skole der. Det vil kunne løyse kapasitetsproblema på sør-Tromsøya, både for Bjerkaker skole og Sommerlyst ungdomsskole. Men, det er for tidleg å seie noko veldig fast om når denne løysninga kan vere på plass. Det kan fort ta fire år.



Ein del av foreldra har foreslått eit modulbygg på Bymyra som ei mellomløsning. Det er ein del utfordringar med dette. Modulbygg er sjølvstøtt ikkje like gode skolelokale som ordinære bygg, men fungerer OK i ein mellomperiode. Men, eit modulbygg på Bymyra vil i beste fall koste 25 millionar for fire klasserom i tillegg til utbyggingstenesta i kommunen. Den kostnaden inneheld ikkje spesialrom som vil måtte komme i tillegg. Spezialromma på Sommerlyst har ikkje kapasitet til å ta mot fleire elevar. I tillegg kjem at driftskonstandane vil vere høgare på eit modulbygg som vil krevje oppbemanning heller enn å ta det på ein eksisterande skole.

Det har vore ein diskusjon om å ta i bruk modulbygget som no står på Solneset. Det bygget oppfyller ikkje dagens tekniske forskrifter og kan ikkje brukast.

I denne situasjonen meinte fleirtalet i gruppa at det pedagogisk beste tilbudet for elevane ville vere ved Grønnåsen skole. Det er problematisk å ikkje kunne tilby gode fasilitetar for mat, naturfag etc..

Benjamin Notkevich var usamd og stemte for modulbygg med denne grunngevinga:

Det handler om hele filosofien bak Tromsø-pakken som dreier seg om fortetting og at vi skal ha mulighet til å bevege oss uten bil. Nå er det elever som i dag har to minutters skolevei, men som kan få en skolevei som tar 50 minutter.

Økonomirapport 2

Økonomirapporten var ikkje lystig lesing. Samtidig skal vi ikkje velte oss i misere, for så miserabelt er det trass alt ikkje. Vi har bygd opp eit disposisjonsfond som gjer at vi klarer å handtere denne situasjonen, samstundes kan vi ikkje halde på på dette viset i mange år. Då går det veldig galt.

Dei aller fleste avdelingane i kommunen har god budsjett disiplin og skal ha honør for det. Men også der det er eit stort overforbruk samanlikna med budsjett blir det gjort eit svært godt arbeid under vanskelege forhold. Befolkninga i Tromsø har eit svært godt tilbud. Vi kan vanskeleg laste dei som jobbar innafor pleie og omsorg for at vi i lang tid har underinvestert i bustader og instusjonar.

Det aller viktigaste no er å få gjort desse svært viktige investeringane, der budsjettet for 2019 og økonomiplanen er eit viktig steg i rett retning, i tillegg må vi satse hardare på meistring og rehabilitering. Det å bidra til ei friskare befolkning og ikkje berre god pleie er det aller viktigaste vi kan gjere. Utfordringa, nei la oss seie problemet, er at dette kostar pengar og tar tid før det får verknad. Samstundes er det ingen tvil om at det er her dei store pengane kan hentast inn.

Derfor er jo og punkt 11 i formannskapet si innstilling som vi foreslo saman med Ap og R svært viktig.

Arbeidet med å gjennomføre endringen av tildelings- og finansieringssystemet innenfor helse- og omsorg skal intensiveres, i tråd med vedtak i kommunestyret av 26.04.17 og 21.03.18

- *Lavterskel- og forebyggende tiltak som arbeid og aktivitet, rehabilitering og velferdsteknologi må prioriteres.*
- *Oppfølging av enheter som har utfordringer i driften må prioriteres på alle leder- og støttenivå.*

Eg vil og gjerne trekke fram dette punktet i økonomirapporten:

En del av effektivitetsavviket skyldes kjøp av omsorgstjenester fra private, der utgiftene som regel er vesentlige høyere enn budsjettet. Enhetene tildeles budsjettmidler tilsvarende det man regner at tjenesten ville kostet i kommunal regi. Faktiske utgifter er som regel vesentlig høyere, og differansen havner da som effektivitetsavvik. De fleste kjøp av slike tjenester gjøres i dag på grunn av mangel på omsorgsbygg, og enhetene har dermed i liten grad mulighet til å yte disse tjenestene i egen regi.

Det er i alle fall ingen tvil om at privatisering og konkurranseutsetting ikkje er vegen å gå.



Kommunedelplan for idrett og friluftsliv

Vi meinte dette er ein god plan, det er likevel to ting vi stussa på. Det eine er forståinga av bydelar.

Det andre er at Tromsø Spektrumprosjektet ikkje er problematisert meir.

I denne planen er Tromsø delt i fire bydelar. Det er ganske så grovmaska. I ein situasjon der det å redusere transportbehova i byen og bygge nærmiljø for oss alle, så blir dette alt for grovt. Det å seie at Kroken og Reinen er same bydel er i alle fall noko underleg.

Som ein del av dette er vi litt redd for at vi bygger for stort og sentralt i Tromsø. I denne planen blir det lagt opp til nok ei stor utbygging på Templarheimen. Vi trur at trafikkutfordringane blir store nok der oppe med Tromsøbadet og å plassere eit nytt stort anlegg der blir heilt feil. Vi er bekymra for at vi med dette startar å rulle ein snøball som vi ikkje klarer å stoppe, litt som det skjedde med Tromsøbadet, der det var brukt så mykje pengar på å planlegge oppe på Templarheimen at vi var litt bondefanga til å måtte bygge der.

Vi trur befolkninga i byen ville ha mykje større nytte av fleire mindre hallar rundt om i bydelane enn eit stort anlegg plassert sentralt og med ein ukjent kostnad. Mindre hallar (to handballflater) får ein kjøpt meir eller mindre nøkellferdige for 50-60 millionar kroner. Vi er ganske sikre på at tre eller fire slike hallar vil vere betre for byen enn eit kjempeanlegg.

Vi meiner likevel at det er for tidleg å avvise Tromsø Spektrum, men meiner at vi må gardere oss.

Vi foreslo og fekk vedtatt dette tillegget til innstillinga:

Parallelt med utgreiinga av Tromsø Spektrum skal det utarbeidast eit alternativ med fleire mindre hallar i bydelane for å dekke behovet for treningstid for hallidrettane. Kommunestyret vil på eit seinare tidspunkt ta stilling om det eine eller det andre skal realiserast.

Øvrige saker

Ei av dei aller viktigaste sakene i denne perioden, Klima- og miljøplanen fekk vi for lite tid til, så den er utsett til møtet i november.

Vi hadde to interpellasjonar i dette møtet. Om utflytting av statlege arbeidsplassar og om Nordnorsk filmkommisjon. Den om statlege arbeidsplassar fekk fin omtale i [Nordlys](#).

Saka om Ung data viser at ungdom i Tromsø stort sett har det bra, men at alt for mange, spesielt jenter, slit med psykisk helse. Dokumentet er verd å lese om du er interessert i korleis ungdomen vår har det.

Du finn [barneskolerapporten her](#), og [ungdomsskolerapporten her](#).

Denne rapporten er allereie blitt alt for lang, spør heller om du lurar på noko om dei resterande sakene:

- KVALITETS- OG UTVIKLINGSMELDING 2017 FOR TROMSØ KOMMUNE
- FORSLAG TIL BUDSJETT 2018 FOR TROMSØBADET KF
- AKSJONÆRAVTALE - REMIKS MILJØPARK AS
- KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT OG FRILUFTSLIV 2018-2021
- ENDRING I REGLEMENT FOR ARBEIDSVILKÅR OG GODTGJØRELSE AV FOLKEVALGTE
- LEDENDE ANSATTES OVERGANG TIL PRIVAT VIRKSOMHET
- SAMARBEIDSAVTALE OM AKUTTBEREDSKAP I BARNEVERNET - TROMSØ KOMMUNE OG LONGYEARBYEN LOKALSTYRE
- FINANSRAPPORT PR. 31.08.2018 - TROMSØ HAVN KF
- ØKONOMIRAPPORT 2 31. AUGUST 2018 - TROMSØ HAVN KF
- FINANSRAPPORT 2 PR. 31.08.2018
- SALG AV EIENDOM - VERFTSTOMTA - TILLEGGSSAREAL
- SØKNAD OM FRITAK OG NYTT VALG TIL HÅLOGALAND LAGMANNSRETT

Dei som representerte SV i dette kommunestyret var Gunhild Johansen, Benjamin Notkevich, Åsne Høgetveit og Pål Julius Skogholt.

Mvh
Pål Julius Skogholt
Pal.julius@skogholt.org/97077457

Rapport frå kommunestyremøtet i november

Så til kommunestyresakene. Den suverent viktigaste saka i dette kommunestyremøtet var klima-, miljø- og energiplanen til Tromsø kommune. Dokker har heilt sikkert fått med dokker det eine vedtaket vi gjorde der om at vi kun vil ha lukka oppdrettsanlegg i Tromsø kommune. Eg har skrivt litt om den saka her. Utfordringa vår er at kommunen har begrensa myndigheit i denne typen saker. Den er kun å seie ja eller nei til å opne nye areal for oppdrett. Vi har ikkje lov til å stille krav om utslepp eller teknologi. Det blir viktig for oss å følgje opp vedtaka når vi kjem til kystsoneplanen. Men klimaplanen er og blitt full av andre gode og ambisiøse tiltak. Tiltak både overfor kommunen som organisasjon, byggenæringa osv. Eg vil takke Gunhild Johansen som leia arbeidet med planen frå vår side. Ho fekk Raudt og Ap med på mange forbetringar. Eg vil og seie at MdG hadde gjort ein god jobb med planen og hadde mange gode forslag som vi støtta. Eg skal dele ei lenke til planen med dokker så snart den er ferdigredigert.

Vi hadde og ei sak om vegstøv i Tromsø. Denne saka var i utgangspunktet ei orienteringssak om arbeidet som pågår. Vi var ikkje heilt nøgd med framdrifta. Vi foreslo og fekk vedtatt:

1. Kommunestyret ber om å få ei sak om innføring av piggdekkavgift med forslag til avgiftsnivå og gjennomføring. Kommunestyret vil på tidspunktet ta stilling til innføring av piggdekkavgift eller ikkje.
2. Kommunestyret ber om å få greidd ut innføring av miljøfartsgrense og datokøyring.

Primærønsket vårt er å ha ei rabattordning i den komande bomringen for dei som køyrer piggfritt. Det har vi dessverre ikkje lov til. Det kan godt tenkast at vi må innføre piggdekkavgift for å løyse støvproblema. Alt for mange med ulike luftvegsplogar får begrensa liva sine på grunn av støv. Samstundes er det problematisk å komme med enno fleire avgifter samstundes med at bompengane kjem. Det kan bli dyrt for folk. Dette må vi sannsynlegvis avgjere på eit medlemsmøte.

Det var alt for denne gongen. Har du spørsmål til sakene så er det berre å slenge i veg ein epost.

Her er heile sakslista:

KLIMA-, MILJØ- OG ENERGIPLAN 2018-2025

PLAN 1865 - DETALJREGULERING PETERSBORG GATA 7A-B - SAKSFREMLEGG

PLAN 1844 - FORLENGELSE AV ÆRFUGLVEGEN - KLAGEBEHANDLING

OPPHEVELSE AV STIFTELSEN TROMSØ KUNSTSENTER

FORSLAG TIL BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN FOR TROMSØ HAVN KF 2019-2022

PROSTNESET UTBYGGING - STATUSRAPPORTERING ØKONOMI 30.JUNI 2018

ORIENTERINGSSAK- FREMDRIFT AV TILTAKSUTREDNING FOR LOKAL LUFTKVALITET

KONTROLLUTVALGSAK 107/18- RAPPORTERING FRA LØPENDE

FORVALTNINGSREVISJON - OPPFØLGING AV INVESTERINGSPROSJEKTER -

DELRAPPORT 5



Dei som representerte SV i kommunestyret denne gongen var Gunhild Johansen, Benjamin Notkevich, Terje Håkstad og Pål Julius Skogholt.

Vil du at SV skal gjere eit godt val i Tromsø neste haust. Gje eit bidrag til valkampen på 50 kroner eller meir gjennom å vippse til Tromsø SV – 538599

Rapport kommunestyret i desember

Hei gode SVarar

Håper dokker alle er klare for nokre fine juledagar. Eg kjenn art det skal bli godt med nokre dagar der eg ikkje skal tenke på økonomien i Tromsø kommune.

For det var økonomien og justeringa av budsjettet som var saka i kommunestyret på onsdag (beklager at dokker ikkje får oppdateringa før no). Administrasjonssjefen hadde foreslått ganske valdsame kutt innafor skole, barnehage, barnevern og kultur. I tillegg til fleire andre kutt. Grunnen var at vi bruker ganske mykje meir pengar på pleie og omsorg enn det som har vore planen. Vi måtte auke med 90 millionar på pleie og omsorg, som skal bidra til at vi kjem i hamn med dei store omstillingane og endringane vi arbeider med der.

Ingen kutt til barn og unge

Det var likevel uaktuelt for oss å akseptere store kutt på barn og unge. Fordi vi har bygd opp eit disposisjonsfond i dei åra vi har styrt, var vi i stand til å reversere kutt på barn og unge. Men, vi kan ikkje i det lange løp finansiere drifta gjennom å bruke sparekontoen. I løpet av dei siste åra har utgiftane til pleie og omsorg auka med ein halv milliard kroner. Delar av dette har vore heilt naudsynt for å få Helsehuset, Otium mv. i gang, delar av det handlar om samhandlingsreformen, og delar av det handlar om at vi manglar bustader. Det er likevel ikkje ein utgiftsvekst som kan halde fram. Dersom vi ikkje får gjort noko med denne veksten vil det gå på bekostning av skole og barnehage.

No er endringsprosessane komne så langt at vi må klare å drive betre. Det blir utfordrande, det blir vanskeleg. Men eg har tru på at vi skal få det til når vi spelar på lag med dei dyktige folka i sektoren.

Andre saker

Dei andre sakene var mindre av omfang og betydning. Det kan vere verd å nemne at arbeidet med heiltidskultur i Tromsø går bra, med fin framgang. Men, det er eit arbeid som må halde fram. Vi hadde og det første budsjettet for tromsøbadet. Det kjem og til å bli utfordrande framover.

Forøvrig. Ikkje nøl med å ta kontakt med oss i kommunestyregruppa om du har innspel og idear.

Dei som møtte for SV i dette kommunestyremøtet var Gunhild Johansen, Terje Håkstad, Ida Killie og Pål Julius Skogholt.